

Møteinnkalling

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	Fjernmøte, Ekstramøte
Dato:	12.08.2021
Tid:	09:00

Program

- Kl. 09:00 Opning av møtet
- Kl. 09:05 Orientering v/ Øivind Høines, seksjonssjef inntak, forvaltning, sluttvurdering
- Kl. 09:35 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

fylkesordførar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 24/21	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
RS 69/21	Referatsaker Inntak av elevar til vidaregåande skule i Vestland fylke 2021	2021/39067	

Godkjenningssaker
GK 24/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
Referatsaker
RS 69/21 Inntak av elever til vidaregåande skule i Vestland fylke 2021

Saksnr: 2021/39067-2
Saksbehandlar Øivind Høines
Dato: 06.08.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Inntak av elevar til vidaregåande skule i Vestland fylke 2021

Vestland fylkeskommune har i år gjennomført inntak for søkjarar til vidaregåande skuler i tråd med lov og fylkeskommunens lokale forskrift for inntak. Søkjarane er tatt inn i til det vedtekte opplæringstilbodet med dei endringane som er lagt fram i saka.

Til saman 22 273 søknader har vore handsama. Av søkjarar med ungdomsrett fekk 85 % tilbod om skuleplass til førsteønsket sitt.

Endringar gjort på administrativ fullmakt i løpet av inntaksprosessen

Fylkeskommunedirektøren har i løpet av inntaksprosessen sett at det har vore naudsynt med endring av tilbod i klasser og fag for å sikre at flest mogleg får eit tilbod nært der dei bur.

Behovet for eit betre tilbod med fleire klassar for påbygg til studieførebuande Vg3 har vore høgt prioritert av di ein ikkje såg at vedteken tilbodsramme ga eit grunnlag for god gjennomføring av inntaket.

Vidare har det vore viktig å løyse utfordringa ved to vidaregåande skular, Hafstad vgs og Sogndal vgs, der mange elevar har stått på venteliste på tilbod på studiespesialiserande Vg1.

I inntaksområdet kring Bergen har fylkeskommunen og ei utfordring med mange søkjarar til yrkesfag og få tilgjengelege plassar.

Etter at 2. inntaket vart gjennomført har fylkeskommunedirektøren på administrativ fullmakt redusert fagtilbod med låg innsøking for å kunne etablere tilbod som svarer på desse utbroderingane.

Hovudutval for opplæring og kompetanse har gitt fylkeskommunedirektøren fullmakt til å gjere endringar i tilbodet av klassar ved skulane i inntaksprosessen. Denne fullmakta er avgrensa slik at endringar i sum ikkje fører til ein auke i kostnader. Endringane skal heller ikkje redusere vedtekte fagtilbod på den einskilde skule.

For å sikre at alle søkjarar med ungdomsrett får tilbodet dei har rett til innanfor vedteken tilbodsramme, og i tråd med lokal inntaksforskrift, har fylkeskommunedirektøren redusert fagtilbod slik for å kunne opprette tilbod.

Reduksjon i tilbod

- 1 klasse Vg1 bygg og anleggsteknikk på Mo og Øyrane vgs
- 1 klasse Vg2 barne og ungdomsarbeidar på Arna vgs
- 1 klasse Vg2 barne og ungdomsarbeidar på Slåtthaug vgs
- 1 klasse Vg1 restaurant og matfag på Sandsli vgs
- 1 klasse Vg1 teknologi og industriell produksjon på Odda vgs

Det har ikkje vore elever med ungdomsrett som har stått på venteliste til desse tilboda etter at reduksjonen vart gjennomført. Reduksjonen av desse klassane har difor ikkje gått utover søkjarar med ungdomsrett sin moglegheit for å komme inn på ynskja sine.

Fylkeskommunedirektøren har og fullmakt til å opprette ein klasse til utover dei tilbod som er redusert. I sum har ein med dette gjort det mogleg å opprette seks nye klassar, og har gjort dette slik.

Nye klassar som er oppretta

- 1 klasse påbygg til generell studiekompetanse Vg3 ved Eid vgs.
- 1 klasse påbygg til generell studiekompetanse Vg3 ved Os vgs.
- 1 klasse påbygg til generell studiekompetanse Vg3 ved Åsane vgs.
- 1 klasse studiespesialiserande Vg1 ved Hafstad vgs
- 1 klasse studiespesialiserande Vg1 ved Sogndal vgs
- 1 klasse elektro og datateknologi Vg1 ved Askøy vgs

Arbeidet med å identifisere moglege løysningar og analysere effektane av desse er ei samansett og komplisert oppgåve. Målet om å gje alle eit tilbod dei har rett til, og som dei ynskjer seg, har vore overordna i arbeidet.

Tiltaket med å opprette eit tilbod på elektro og datateknologi er den beste løysinga ein kunne få til for søkjarane i Bergensområdet. Fleire alternativ ble prøvd ut sidan det er få læreplassar i dette faget, og det er større behov for kompetanse i andre fag som TIP og byggfag. I dette inntaksområdet er det naturleg at ein vurderer å auke tilbodet innan fleire yrkesfaglege program. Det er her og naturleg å vurdere å styrke tilbodet om påbygging til generell studiekompetanse.

Resultat

Alle søkjarar vil gjennom inntaket få eit tilbod dei har rett til, men nokre vil ikkje få ynskja sine oppfylt. En del søkjarar vil måtte reise langt og bu på hybel. Etter gjennomføring av 3. inntaket 5. august vil fylkeskommunedirektøren analysere resultatane og leggje desse frem til politisk orientering.

Skulane har strekt seg langt i arbeid med å få på plass naudsynte endringar. Det er krevjande for ei skule både å leggje ned ei klasse og opprette ein ny på kort varsel, og så tett opp mot skulestart.

Fylkeskommunedirektøren har i dialog med leiinga på dei ulike skulane og oppmoda om å auke elevtalet i grupper der dette har vore mogleg, samstundes som ein har sikra at størrelsen på gruppa er pedagogisk og tryggleikmessig forsvarleg. Dette har vore gjort i dei tilfelle der rektor i samråd med avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har vurdert at det var eit grunnlag for å auke elevtalet. Dette har vært viktig for å sikre at flest mogleg av søkjarane har fått eit tilbod dei har rett til.